



Omega Areal AS

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dato
Hilde Kjelstrup	45 21 07 07	2018/695-5	27.03.2018

Igangsetjingsløyve (Eitt - trinnssøknad) - Delegert vedtak

Tiltak:	Opparbeiding og planering av tomter med tilhøyrande murar, VA-anlegg og mellombels anleggsveg.
Gnr/bnr:	199/165 m.fl.
Byggestad/adresse:	Strondavegen, 5454 SÆBØVIK
Tiltakshavar:	Øybygg AS, Bjoanesvegen 62, 5454 Sæbøvik
Ansvarleg søkjar:	Omega areal AS, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg
Matrikkel:	

Delegert vedtaksnr.: 2018/154

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 27.02.2018 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for fylgjande firma:

- Omega areal AS; SØK, PRO t. kl. 1
- Thormodsæter Entr. AS; UTF t. kl. 1

Vilkår:

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Løyve til bruk av gangveg som kjøyreveg er tillate i samsvar med føresegner i detaljplanendring for 199/165 – Hyttefelt Grunnvåg – Halsnøy: «Bruk av gangvegen som kjøyreveg vert tillete i anleggsperioden. (...) Anleggsperioden blir tidfesta inntil siste fritidseigedom (hytte 6 og 7) er bygd, men seinast maksimalt 3 år etter at reguleringsplanen er godkjent.»

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynder.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlarsgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Hilde Kjelstrup

Seksjonsleiar

Brevet er behandla elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningskomiteen